



Arkivnr: 2014/17340-21

Saksbehandlar: Hanne Espe og Britt Karen Spjeld

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		19.03.2015

Friluftslivets år 2015 - kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

Samandrag

Som ein del av Friluftslivets år 2015 har Klima- og miljødepartementet, i brev av 6. november 2014, oppmoda alle ordførarar til å kåre deira kommune sitt mest attraktive friluftslivsområde. Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2.2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland og premiere vinnaren med kr 30.000. Alle kommunane vert oppmoda til å nominere eitt av sine friluftsområde til denne kåringa innan 10. juni.

Fylkesrådmannen foreslår å oppnemne ein jury som på basis av nomineringane frå kommunane og vedtekne retningslinjer skal velje ut 3-5 finalistar og seinare kåre ein vinnar blant desse. Prisen vert delt ut under fylkestinget i desember.

Forslag til vedtak

1. Kultur og ressursutvalet inviterer følgjande representantar til å delta i juryen;
 - Politisk representant Hordaland fylkeskommune
 - Fylkesmannen
 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Ungdommens fylkesting
 - Forum for natur og friluftsliv i Hordaland
 - Knut Langeland, journalist og forfattar
 - Morten Dåsnes, dagleg leiar av Friluftsrådernes Landsforbund
2. Kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde vert vurdert ut frå følgjande retningslinjer;
 - lokalisering
 - brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen
 - grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming)
 - tilkomst til område – t.d. gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk
 - høve for aktivitetar i ulike delar av året – på land og i vatn
 - natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev frå klima- og miljødepartementet av 6. november 2014

Friluftslivets år 2015 er forankra i Regional kulturplan 2015-2025: «Friluftslivets år 2015 gir ei moglegheit til å sette fokus på all den positive aktiviteten som finst rundt om i fylket. Målet er at Friluftslivets år skal gi varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga og vere med på å gi friluftslivet auka merksemd. Prioritert målgruppe er barn, unge og barnefamiliar.» Det er ei særleg satsing på nærmiljø og kulturminner.

I brev frå Klima- og miljødepartementet av 6. november 2014 står det m.a. «som del av Friluftslivets år vil jeg også oppfordre samtlige kommuner til å utpeke sitt mest attraktive friluftslivsområde. Dette friluftslivsområdet bør omtales og presenteres på ulike måter, for eksempel på kommunens nettsider. I tillegg vil vi gjerne publisere disse områdene på de offisielle nettsidene til Friluftslivets år».

Kultur- og ressursutvalet vedtok i møte 12.2. 2015 å kåre det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland og premiere vinnaren med kr 30.000. Alle kommunane vert oppmoda til å nominere eitt av sine friluftsområde til denne kåringa innan 10. juni. Fylkesrådmannen håpar kommunane inviterer til gode lokale prosessar med brei involvering av t.d. skular, barnehagar, velforeiningar, lag og organisasjonar m.m. for å vere med å stemme fram sitt friluftsområde. Kommunane vert oppmoda i sin nominasjon til å sei noko om kva eventuelle prispengar på kr 30.000 skal nyttast for å gjere område endå meir attraktivt. Søknaden skal innehalde bilete, skildring og ei grunngjeving.

Fylkesrådmannen foreslår å oppnemne ein jury med brei og komplementær kompetanse i høve til friluftsliv. Eg foreslår å invitere følgjande representantar til å delta i juryen i tillegg til ein politisk representant Hordaland fylkeskommune;

- **Fylkesmannen** – tek hand om nasjonale friluftssinteresser knytt til strandsona, vassdrag og fjellområde i Hordaland. Fylkesmannen er regional representant for staten som grunneigar i dei sikra friluftsområda, og har m.a. ansvar for å godkjenne forvaltningsplanar for områda og deltek i styret i Vestkystparken.
- **Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne** - eit samarbeids- og rådgjevande organ som arbeider på tvers av ulike sektorar med god kompetanse på universell utforming innan uteområde.
- **Ungdommens fylkesting** - talerøret for ungdommen i politikken i Hordaland. Ungdom deltek mindre i organisert og eigenorganisert aktivitet enn den statlege tilrådinga om 60 minutt dagleg aktivitet tilseier. Dei kan såleis bidra med perspektiv på kva ungdom finn attraktivt ved friluftsområder.
- **Forum for natur og friluftsliv i Hordaland** - eit samarbeidsnettverk mellom 8 natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland.
- **Knut Langeland**, journalist i Bergens Tidene og forfattar av fleire turbøker.
- **Morten Dåsnes**, dagleg leiar av Friluftsrådernes Landsforbund som er eit landsomfattande samarbeidsorgan for interkommunale friluftsråd.

Juryen skal møtast to gonger, ev fleire gonger ved behov. På basis av nomineringane frå kommunane skal dei med utgangspunkt i vedtekne retningslinjer, velje ut 3-5 finalistar som kan representere mangfaldet av friluftsområder i Hordaland. Desse områda vil det bli forsøkt sett fokus på fram mot kåring av ein vinnar blant desse. Prisen vert foreslått delt ut under fylkestinget i desember.

Retningslinjene for kåring av det mest attraktive friluftsområdet i Hordaland er forma i tråd med statleg friluftspolitikk, Regionalt kulturplan 2015-2025 og Miljødirektoratet sin rettleiar for verdsetjing av friluftsområder. Følgjande retningslinjer er foreslått gjeldande for kåring av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde;

- Lokalisering – i eller utanfor tettstad/by, nærleik til skule, idrettsparkar m.m.
- Brukargrupper frå nærmiljøet og i regionen - kor mange potensielle brukar er det for området som bur i nærleiken og kor attraktivt er det for brukarar frå andre kommunar.
- Grad av tilrettelegging for alle befolkningsgrupper (universelt utforming) – t.d. skilting, parkering, turløyper, toalett, eldstad, baderampe, kai, fiskepir.
- Tilkomst til friluftsområde – korleis er det tilrettelagt for at brukarar kjem seg til området t.d. ved gange, sykkel, kollektivtransport, bil, båt, kajakk.
- Høve for aktivitetar i ulike delar av året – på land og i vatn – t.d. utstyrsbank, nærmiljøanlegg som sandvolley, treningsapparat, hinderløyper, gapahuk, tilrettelagt for kajakk/kano,
- Natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar – kva kan ein oppleve av tilleggsverdiar i friluftsområdet og korleis dette vert formidla.